



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Folgefonna Nasjonalparkstyre  
Postboks 7310  
5020 Bergen

**Besøksadresse**  
Fjordglytt  
Skålafjæro 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord +47 55 57 20 00  
Direkte: +47 55 57 21 35  
fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2018/1178-0 432.3

Deres ref.

Dato 20.10.2018

## Innspel til arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft

Sender med dette over innspel frå Folgefonna nasjonalparkstyre.

### Saksprotokoll i Arbeidsutval Folgefonna nasjonalparkstyre - 15.10.2018

#### Handsaming i møte

Saka vart handsama på e-post og samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Noregs vassdrag og energidirektorat (NVE) er i gong med utarbeiding av nasjonal ramme for vindkraft. Som ein del av arbeidet med nasjonal ramme har kommunar, fylkeskommunar og interesseorganisasjonar fått høve til å komme med innspel, fristen er 20. oktober 2018. NVE ynskjer i første rekke faglege innspel til arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft på land. Det vil komme ei høyringsrunde seinare, når faktagrunnlaget er etablert.

Det er to analyseområde som ligg inn til Folgefonna nasjonalpark, nr. 15 og nr. 17. Analyseområda er utvalde på bakgrunn av ein nasjonal kartlegging av det som NVE har kalt for harde og mjuke eksklusjonar, område som fell bort frå å vere aktuelle. Verneområde er ein sokalla hard eksklusjon, likevel så går avgrensingane på begge desse analyseområda inn over grensa til nasjonalparken, slik dei er teikna i dag.

Føremålet med vern av Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområda med verdfull vassdragsnatur, geologiske førekomstar og tilhøyrande naturmangfald. Det er også ein viktig del av føremålet å sikre ålmenta høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv.

---

<b>Nasjonalpark</b>	Folgefonna Nasjonalpark
<b>Landskapsvernområde</b>	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
<b>Naturreservat</b>	Langebudalen



Folgefonna nasjonalparkstyre meiner verknad på randsona rundt Folgefonna nasjonalpark må vektleggjast i vurdering av om området er aktuelt for vindkraftutbygging. Verneområde er ikkje aktuelle område for vindkraft, og då er det naturleg å vurdere kva verknad vindkraft i grensa til verneområde vil få på verneverdiane inne i verneområdet jf. naturmangfaldlova § 49 (utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde).

Landskapet, både i landskapsvernområda og i randsona til nasjonalparken er i dag prega av vasskraftutbygging og alle nye store inngrep må vurderast opp mot korleis summen av alle tiltak vil verke inn på opplevingskvaliteten i landskapet i Folgefonna nasjonalpark.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

*Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift*

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN